

H A L L V O R S V A T N E T.

Vatnet ligg nord-aust for Sandvatnet og sør for "Hallvardsfjellet" 17 m.o.h.

Største lengde er ca. 675 m og største bredde ca. 150 m med eit areal på snaut 9 ha.

Det er jamt over eit grunt vatn og har neppe nokon stad djupne over ca. 10.0 m utan at dette er målt.

Stranda består av stein, der grunnfjellet mange stader går like til vatnet. Elles er det jørnebotn stort sett over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen er stort sett den same som for Sandvatnet. Ein fann botngras, nøkkeroser, sivplanter og alger frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om myr, vassjuk mark og snaufjell der vegetasjonen er røylyng, einer, spredt småbjerk, raun, pors m.v. Det er for det meste lite kravfulle planter ein vil finna.

Bergartene er harde med granitt som hovudbergart.

Hovudtilsaget kjem frå Sandvatnet i sør-vest og vidare frå ein større bekk på austsida som kjem frå "Boknafjellet".

Avlaupet renn ut i sjøen i Hallvardsvika som ligg ca. 500 m nord for vatnet.

Gjennomstrøyminga er liten.

Dei kjemiske tilheva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerer påverknad av humus (myr).

Surheita pH vart målt 2 stader og resultatet 5.2 og 5.4 som reknast å vera i suraste laget for åure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 3.6 mg/l og den totale hardheita 11.4 mg/l. Vatnet må seiast å vera kalkfattig, men likevel ikkje så aller verst i høve til andre analyserte vatn.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 m, 5.0 m og 8.0 m djup. Når det ikkje vart teke prøve på 10.0 m kjem det av at vi ikkje fann nokon stad vatnet var såpass djupt.

På 2.0 m vart resultatet gjørme og mudder utan dødt organisk materiale og utan liv.

5.0 meteren gav som resultat 1 stk. vanntege og 1 stk. fjærmygglarve tilsvarande 20 individ pr. m².

8.0 m gav 1 stk. musling og 1 stk. fjærmygglarve - i alt 20 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er sær lite med næringsdyr i vatnet.


For å få greie på kva fiskemenyen bestod av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 5 fiskar og her vart det funne planktonisk kreps, mygglarver, vannteger, vannkalvar, øyestikkerlarver, linsekreps, planterester, fjærmyggpupper, landbille og vårfluger. Ein ganske allsidig meny.

Av desse syntes vanntegene å vera i dominans medan landbille og vannkalvlarver forekom i prøven.

Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale planktonprøver, med planktonhov, og ein kom til fylgjande resultat:

Ca. 50 m hor. trekk, relativt fattig prøve med små vasslopper og hoppekreps. 8.0 m vert trekk, relativt fattig prøve med hoppekreps og holopedium gibberum.



Der er 3 slag fisk i vatnet: Aure, stingsild og ål.

Ein sette ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter ei fangstnatt vart 13 aurar som deler sel såleis på omfara.


Ein tok prøver av alle fiskane og av desse var 2 stk. lys-røde resten kvite i fiskekjøttet.

Medel fyllingsgrad 1.8. 2 stk. av fiskane var tome i magesekken.

Det vart funne måkemark i ein fisk.

Medelvekta ligg på 107 gram pr. fisk og medellengda 23.7 cm.

Fordeler ein fangsten på cm-klassar vil ei grafisk fram-
syning sjå ut som vist nedfor.



Ser vi på medel lengde og årleg medeltilvekst vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.


	Alder ved vinter.				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medel lengde i cm	5.6	11.3	16.3	19.4	22.5
Årleg lengdetilvekst i cm	5.6	5.7	5.0	3.1	3.1
Antall fiskar	12	12	12	8	4

Ein av provefiskane hadde ubrukande skjell for aldersav-
lesing.

Medel kondisjonsfaktor 0,8 indikerar sær mager og langstrakt fisk.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Hallvorsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Fisken har her eit normalt vekstforlaup dei 3 første år av sitt liv, men her kuliminerar veksten og kryssar normalkurven. Dette heng nok for ein del saman med kjønnsmogning og gyting, som etter fiskeskjemaet inntreer ved denne alder.



Denne vekstkurven er sett opp på grunnlag av 12 fiskar, så prøvematerialet er noko tynt, men ein kan sikkert likevel slå fast at veksten neppe vil koma opp i det normale etter 3 års alder slik tilhova er i dag.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan ein slå fast, at vatnet er kalk- og næringsfattig der botndyra er mangelvare. Vegetasjonen og bergartene i nedslagsfeltet skulle og tilseie eit næringsfattig vatn.

Fisken er omlag av same kvalitet her som i Sandvatnet og tilhova elles er nokså like.

Praktiske tiltak.

Grunneigarane for Hallvorsvatnet og Sandvatnet bør gå saman å skipe til eit grunneigarlag for begge desse vatna.

Dei tiltaka som er peika på under Sandvatnet gjeld fullt ut også for Hallvorsvatnet, så der er ikkje så mykje å foye til.

Etter 4-5 år kan vi ta eit nytt prøvefiske for å sjå korleis tiltaka har verka.

Stavanger 8/1 1970

Einar Berg.